

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset - Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen
<b>Dato:</b>	10.06.2021
<b>Tid:</b>	10:00-14:35

### Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Gunvor Riim Opedal	Medlem	PF
Martin Monrad Reigstad	Medlem	PF
Vigdis Helene Ravnøy	Nestleiar	PF
Harald Kåre Ekroll	Leiar	POSTPEN
Berit Anita Knudtsen Larsen	Medlem	ØER

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	LOP
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KRF
Kristoffer Skjolden	Medlem	PF

### Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Aud Karin Hestenes Netland	Kristoffer Skjolden	UTD.FORB.

### Merknader

Kurt Johnny Hæggernæs gikk kl 14

### Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Synnøve Stalheim	seksjonssjef - plan, klima og folkehelse
Anne-Lene Norman	spesialrådgjevar, seksjon plan, klima og folkehelse
Hanne Espe	seniorrådgjevar, idrett og friluftsliv
Lotte Lynngård	møtesekretær / rådgjevar politisk sekretariat

## Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 7/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 15.04.21	2020/77170	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 17/21	Landskonferanse for fylkeseldreråd 2021 - deltaking	2020/77154	
PS 18/21	Landskonferanse 2021 - innspel	2020/77154	
PS 19/21	Varsel om politisk sak: Folkehelseprofilar 2021. Oppdatering av status i Vestland	2021/17686	
PS 20/21	Varsel om politisk sak: Koronaundersøkinga i Vestland 2020. Utvalde resultat frå FHI si nasjonale undersøking	2020/79521	
PS 21/21	Høyring - planprogram regional plan for klima	2020/77154	
PS 22/21	Høyring - Regional vassforvaltningsplan 2022 - 2027 for Vestland vassregion	2020/77154	
PS 23/21	Nettverk for aldersvennlege lokalsamfunn - representasjon frå fylkeseldrerådet	2020/77154	
PS 24/21	Uttale til tildeling av Den kulturelle spaserstokken 2022.		
	<b>Referatsaker</b>		
RS 35/21	Planlagde politiske saker i folkevalde organ - hausten 2021	2020/77152	
RS 36/21	Årsmelding Vestland fylkeskommune	2020/77154	
RS 37/21	Årsmelding fylkeseldrerådet 2020 - sluttresultat	2020/77154	
RS 38/21	Årsmelding frå Luster eldreråd	2020/77154	
RS 39/21	Møte regionalt støtteapparat 26.04.21 - oppsummering. Frivilligstrategi i kommunane.	2020/77154	
RS 40/21	Opning av eldreombodet og senter for aldersvennleg samfunn i Ålesund 27.04.21 - oppsummering.	2020/77154	
RS 41/21	E-helse, digital heimeoppfølging 22.04, 29.04 og 04.05 - oppsummering.	2020/77154	
RS 42/21	Webinar 29.04.21 ang. mat og måltid - oppsummering.	2020/77154	

# Godkjenningssaker

## **GK 7/21 Godkjenning av innkalling og sakliste** **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

Innkallinga vart godkjend utan merknadar.

**Harald Ekroll** sette fram forslag om å sette sak «PS 24/21 Uttale til tildeling av Den kulturelle spaserstokken 2022» på sakskartet. Forslaget vart samrøystes vedteke.

Saklista vart godkjend med dei merknadane som er nemnd over.

## **GK 8/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 15.04.21** **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 15.04.21 vart godkjend utan merknadar.

# Politiske saker

## **PS 17/21 Landskonferanse for fylkeseldreråd 2021 - deltaking**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet deltek på landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd 2021.

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

### **Avrøysting**

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet deltek på landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd 2021.

## **PS 18/21 Landskonferanse 2021 - innspel**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet gir slike innspel til landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd:

**Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

**Harald Ekroll** sette fram slikt forslag:

«DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN

Landskonferansen for fylkeseldreråd meiner at løyvingane til den kulturelle spaserstokken må aukast med 100 % frå 2023.

Begrunnelse:

Med utgangspunkt i situasjonen i Vestland fylkeskommune der tildelinga for 2021 var kr. 3.980.000,-, og summen er den same for 2022. Søknadane frå kommunane i Vestland utgjorde kr. 6.538.000,- ( 42 kommunar ) for 2021. For 2022 utgjer samla søknadssum 6.330.000,-. (42 kommunar).

Ingen kommunar i Vestland fekk tildelt den summen som var omsøkt, det til trass for gode søknader på svært gode tiltak.

Vi reknar med at situasjonen innafor dette området stort sett er lik også i resten av landet.

Midlar frå den kulturelle spaserstokken er ofte heilt avgjerande for at det vert laga til gode kulturelle tilbod til dei eldre, antan dei er heimebuande eller på institusjon. Det er ofte institusjonane sjølv, eller frivillige organisasjonar, som t.d. pensjonistlag, som organiserer og gjennomfører arrangement for denne målgruppa. Dette er organisasjonar som ikkje alltid har midlar til slike tiltak. Det er difor heilt avgjerande å få støtte frå den kulturelle spaserstokken for å kunne få til slike tilbod i kommunane.

Vi veit også at t.d. musikkterapi for demente er viktig som aktivitet. Det er mykje å gå på innafor dette feltet og det vil i åra som kjem bli krav om meir midlar. Den demografiske utviklinga og utviklinga innafor dementfeltet er også med på å understrekar ei slik utvikling. Det helsemessige aspektet er svært viktig.

Vi er kjend med at det er stor einsemd blant dei eldre, spesielt i desse koronatider, og det er derfor viktig med tiltak som kan få stimulert deltaking for dei eldre, når alt normaliserer seg igjen.

Vi meiner det er viktig med arrangement som kan hindre einsemd blant dei eldre. Dette blir ei viktig oppgåve for heile samfunnet. Dei frivillige organisasjonane har her ei stor og utfordrande oppgåve.

Vi er opptatt av tverrsektorielt samarbeid innanfor dette feltet i kommunane, for vi trur at for å lukkast godt med arbeidet, må ein dra lasset saman.»

**Vigdis Helene Ravnøy** sette fram slikt forslag:

«EN ALDERDOM MED HELSETJENESTER UNDER KONTROLL

Fylkeseldrerådet i Vestland viser til den fremlagte evalueringen av korona-epidemien og de funn som ble gjort av ekspertutvalget som ble nedsatt av Regjeringen i forbindelse med Covid19.

I rapporten fra utvalget blir det blant annet pekt på at andelen som jobber deltid er høy blant helsefagarbeidere og sykepleiere. Men den er enda mer utbredt blant ansatte uten formell helse- eller sosialfaglig utdanningsbakgrunn, og som jobber i omsorgstjenestene.

Tidligere analyser har vist at deltidsbruken påvirker kvaliteten i tjenesten og hindrer kontinuitet i arbeidet med sårbare brukere. I neste omgang bidrar dette til å redusere de ansattes opplevelse av tilfredshet med egen arbeidssituasjon.

Fylkeseldrerådet i Vestland mener det trengs en sterkere satsning på endringer som styrker bemanningen, kompetanseutvikling, organisasjon og ledelse slik at det skapes en heltidskultur i helse- og omsorgstjenestene i stedet for slik det er nå; en deltidskultur.

Fylkeseldrerådet viser også til at kryss-smitte har oppstått fordi ansatte i helsesektoren har hatt flere arbeidsgivere eller tjenestesteder fordi de ikke får heltidsstilling, og blir nødt til å kombinere flere stillinger for å få «en lønn og leve av».

Dette har ført til økt sårbarhet for smitte i helse- og omsorgssektoren.

Fylkeseldrerådet i Vestland viser til funnene som er gjort i evalueringen og krever at nødvendige tiltak iverksettes for å skape en heltidskultur til beste både for brukerne og ansatte.»

**Gunvor Riim Opedal** sette fram slikt forslag (1):

«Digitale hjelpemidlar

Personar utan tilgang til digitale hjelpemidlar bør sikrast tilgang til saker som vedkjem dei. Vi foreslår at det vert oppnevnt ein person/lagar eit system der personar er sikra innsyn i eigne saker.»

**Berit Anita Knutsen Larsen** sette fram slikt forslag:

«Få på plass gode datatilbud for den eldre befolkning. 600.000 i dag håndterer dette verktøyer ikkje godt nok»

**Gunvor Riim Opedal** sette fram slikt forslag (2):

«Økonomi

Fylkeseldrerådet vil ta sterk avstand til at mange kommunar bruker sjukeheims plasser som salderingspost for å få dekkja underskott i budsjetta sine. Resultatet er nedlegging av - og til tider- rasering - av sjukeheims plasser, og dårlegare tilbod til eldre pleietrengande. Dette er ikkje i tråd med Stm. 15 Leve heile Livet.

Vi ser at kommuneøkonomien generelt sett er dårleg, og at det i mange kommunar er sterkt synleg at det er ein offentleg fattigdom. Ein slik situasjon er uverdigg i dagens Norge.

Vi krev derfor at kommuneøkonomien bør styrkast med offentlege overføringar, helst øyremerka midlar.

Fylkeseldrerådet ber om at pårørande til personar med demens får betre oppfølging til dømes i form av pårørandeskule og pårørandenettverk. Vi meiner dette vil styrke involverte partar, ved at den pårørande ikkje vert heilt utslitt - og ved at pasienten får eit betre tilbod.

Dei små lokalsjukehusa som for mange eldre er eit symbol på tryggleik, ein nær tryggleik, har lenge vore under press. Koronapandemien har vist oss at det er behov for også dei små sjukehusa. Vi ber om at ein slår ring om dei ved å tilføre oppgåver, kompetanse og økonomi.

Samhandlingsreforma blei innført i 2012. Rett behandling til rett tid og på rett stad? Mange pasientar er ueinig i at det er slik. Vi meiner at reforma er moden for evaluering og justering.»

**Gunvor Riim Opedal** sette fram slikt forslag (3):

«Tannhelse

Tann- og munnhelse. Eldre må «kunne bite frå seg». Vi meiner at tannlegebehandling må komme inn under eigenandelsordninga.»

## **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Ravnøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Riim Opedal sitt forslag (1) vart samrøystes vedteke.

Knutsen Larsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Riim Opedal sitt forslag (2) vart samrøystes vedteke.

Riim Opedal sitt forslag (3) vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Fylkeseldrerådet gir slike innspel til landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd:

### **UTTALE 1:**

#### **DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN**

Landskonferansen for fylkeseldreråd meiner at løyvingane til den kulturelle spaserstokken må aukast med 100 % frå 2023.

Grunngjeving:

Med utgangspunkt i situasjonen i Vestland fylkeskommune der tildelinga for 2021 var kr. 3.980.000, og summen er den same for 2022. Søknadane frå kommunane i Vestland utgjorde kr. 6.538.000 (42 kommunar) for 2021. For 2022 utgjør samla søknadssum kr 6.330.000 (42 kommunar).

Ingen kommunar i Vestland fekk tildelt den summen som var søkt om, det til trass for gode søknader på svært gode tiltak. Vi reknar med at situasjonen innafor dette området stort sett er lik også i resten av landet.

Midlar frå den kulturelle spaserstokken er ofte heilt avgjerande for at det vert laga til gode kulturelle tilbod til dei eldre, anten dei er heimebuande eller på institusjon. Det er ofte institusjonane sjølve, eller frivillige organisasjonar, som t.d. pensjonistlag, som organiserer og gjennomfører arrangement for denne målgruppa. Dette er organisasjonar som ikkje alltid har midlar til slike tiltak. Det er difor heilt avgjerande å få støtte frå den kulturelle spaserstokken for å kunne få til slike tilbod i kommunane.

Vi veit også at t.d. musikkterapi for demente er viktig som aktivitet. Det er mykje å gå på innafor dette feltet og det vil i åra som kjem bli krav om meir midlar. Den demografiske utviklinga og utviklinga innafor dementfeltet er også med på å understrekar ei slik utvikling. Det helsemessige aspektet er svært viktig.

Vi er kjend med at det er stor einsemd blant dei eldre, spesielt i desse koronatider, og det er derfor viktig med tiltak som kan få stimulert deltaking for dei eldre, når alt normaliserer seg igjen.

Vi meiner det er viktig med arrangement som kan hindre einsemd blant dei eldre. Dette blir ei viktig oppgåve for heile samfunnet. Dei frivillige organisasjonane har her ei stor og utfordrande oppgåve.

Vi er opptatt av tverrsektorielt samarbeid innanfor dette feltet i kommunane, for vi trur at for å lukkast godt med arbeidet, må ein dra lasset saman.

### **UTTALE 2:**

#### **EiN ALDERDOM MED HELSETENESTER UNDER KONTROLL**

Fylkeseldrerådet i Vestland viser til den framlagte evalueringa av korona-epidemien og dei funn som blei gjort av ekspertutvalet som blei nedsett av Regjeringa i samband med Covid-19.

I rapporten frå utvalet blir det mellom anna peika på at delen som jobbar deltid er høg blant helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Men den er enda meir breia ut blant tilsette utan formell helse- eller sosialfagleg utdanningsbakgrunn, og som jobbar i omsorgstenestene.

Tidlegare analyser har vist at deltidbruken påverkar kvaliteten i tenesta og hindrar kontinuitet i arbeidet med sårbare brukarar. I neste omgang bidreg dette til å redusere dei tilsette si oppleving av tilfredsheit med eiga arbeidssituasjon.

Fylkeseldrerådet i Vestland meiner det trengs ei sterkare satsing på endringar som styrker bemanninga, kompetanseutvikling, organisasjon og leiing slik at det skapast ein heiltidskultur i helse- og omsorgstenestene i staden for slik det er nå; ein deltidskultur.

Fylkeseldrerådet viser også til at kryss-smitte har oppstått fordi tilsette i helsesektoren har hatt fleire arbeidsgivarar eller tenestestader fordi de ikkje får heiltidsstilling, og blir nøydd til å kombinere fleire stillingar for å få «ei løn å leve av».

Dette har ført til auka sårbarheit for smitte i helse- og omsorgssektoren.

Fylkeseldrerådet i Vestland viser til funna som er gjort i evalueringa, og krevjar at nødvendige tiltak settast i verk for å skape ein heiltidskultur til beste både for brukarane og tilsette.

### **UTTALE 3:**

Digitale hjelpemidlar

Personar utan tilgang til digitale hjelpemidlar bør sikrast tilgang til saker som vedkjem dei. Vi foreslår at det vert oppnemnt ein person eller lagar eit system der personar er sikra innsyn i eigne saker.

Få på plass gode datatilbod for den eldre befolkning. 600.000 i dag handterer ikkje dette verktøyet godt nok.

### **UTTALE 4:**

Økonomi

Fylkeseldrerådet vil ta sterk avstand til at mange kommunar bruker sjukeheimplasser som salderingspost for å få dekkja underskott i budsjetta sine. Resultatet er nedlegging av - og til tider - rasering av sjukeheimplasser, og dårlegare tilbod til eldre pleietrengande. Dette er ikkje i tråd med Stm. 15 Leve heile Livet.

Vi ser at kommuneøkonomien generelt sett er dårleg, og at det i mange kommunar er sterkt synleg at det er ein offentleg fattigdom. Ein slik situasjon er uverdigg i dagens Norge.

Vi krev derfor at kommuneøkonomien bør styrkast med offentlege overføringar, helst øyremerka midlar.

Fylkeseldrerådet ber om at pårørande til personar med demens får betre oppfølging til dømes i form av pårørandeskule og pårørandenettverk. Vi meiner dette vil styrke involverte partar, ved at den pårørande ikkje vert heilt utslitne - og ved at pasienten får eit betre tilbod.

Dei små lokalsjukehusa som for mange eldre er eit symbol på tryggleik, ein nær tryggleik, har lenge vore under press. Koronapandemien har vist oss at det er behov for også dei små sjukehusa. Vi ber om at ein slår ring om dei ved å tilføre oppgåver, kompetanse og økonomi.

Samhandlingsreforma blei innført i 2012. Rett behandling til rett tid og på rett stad? Mange pasientar er ueinig i at det er slik. Vi meiner at reforma er moden for evaluering og justering.

### **UTTALE 5:**

Tannhelse

Tann- og munnhelse. Eldre må «kunne bite frå seg». Vi meiner at tannlegebehandling må komme inn under eigenandelsordninga.

## **PS 19/21 Varsel om politisk sak: Folkehelseprofilar 2021. Oppdatering av status i Vestland**

Forslag til vedtak

1. Utvalet/ rådet gir slik uttale [...] :

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

**Kurt Johnny Hæggernæs (Pp)** sette på vegner av fylkeseldrerådet fram slikt forslag:

«FYEL mener at Vestland Fylke må iverksette tiltak for å hindre aldersdiskriminering og å hindre utenforskap. Eks. komme med innspill som fjerner aldersbegrensninger i lov og i holdninger.»

**Vigdis Helene Ravnøy (PF)** sette fram slikt forslag:

«FYEL vil delta aktivt i arbeidet med Folkehelsen da handlingsplanen berører mange eldre. Blant annet er aldersvennlig transport viktig i arbeidet med universielle utforming som må inn i all planlegging.»

### **Avrøysting**

Hæggernæs sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Ravnøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale frå fylkeseldrerådet**

Fylkeseldrerådet meiner at Vestland fylkeskommune må iverksette tiltak for å hindre aldersdiskriminering og å hindre utanforskap. Eksempelvis komme med innspel som fjernar aldersbegrensingar i lov og i haldningar.

Fylkeseldrerådet vil delta aktivt i arbeidet med Folkehelsa da handlingsplanen vedkjem mange eldre. Mellom anna er aldersvennleg transport viktig i arbeidet med universell utforming som må inn i all planlegging.

## **PS 20/21 Varsel om politisk sak: Koronaundersøkinga i Vestland 2020. Utvalde resultat frå FHI si nasjonale undersøking**

Forslag til vedtak:

Utvalet/ rådet gir slik uttale [...]:

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

**Harald Ekroll** sette fram slikt forslag:

«FYEL har registrert at under koronaepidimien så ha det vore mange forslag oppe til handsaming, men fylke har ikkje vore kontakta og dette meiner vi ikkje er godt nok. Eldreråd er viktige samarbeidspartnare i dette arbeidet.

FYEL vil peike på at utfordringane til gruppen eldre kanskje ikkje kjem godt nok fram i FHI si undersøking, og dermed ikkje i saka eller foreslåtte tiltak.»



## **Avrøysting**

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Uttale frå fylkeseldrerådet**

Fylkeseldrerådet har registrert at under koronaepidemien så ha det vore mange forslag oppe til handsaming, men fylkeseldrerådet har ikkje vore kontakta, og dette meiner vi ikkje er godt nok. Eldreråd er viktige samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

Fylkeseldrerådet vil peike på at utfordringane til gruppa eldre kanskje ikkje kjem godt nok fram i FHI si undersøking, og dermed ikkje i saka eller foreslåtte tiltak.

## **PS 21/21 Høyring - planprogram regional plan for klima**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet gir slik uttale til planprogram regional plan for klima:

## **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

**Kurt Johnny Hæggernæs (Pp)** sette fram slikt forslag:

«FYEL tar planen til vitande, og FYEL er opptatt av å vere med i den vidare prosessen.»

## **Avrøysting**

Hæggernæs sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Uttale frå fylkeseldrerådet**

Fylkeseldrerådet tar planen til vitande, og fylkeseldrerådet er opptatt av å vere med i den vidare prosessen.

## **PS 22/21 Høyring - Regional vassforvaltningsplan 2022 - 2027 for Vestland vassregion**

Forslag til vedtak

Rådet gir uttale til regional vassforvaltningsplan:

## **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

**Vigdis Helene Ravnøy** sette fram slikt forslag:

«REGIONAL PLAN FOR VASSFORVALTNING FOR VESTLAND VASSREGION 2022-2027

Fylkeseldrerådet i Vestland har hatt til behandling 10. juni 2021:

- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027
- Tiltaksprogram for Vestland vassregion 2022-2027
- Handlingsprogram for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027

og vil uttale følgende:

Vann er livsviktig både for levende dyr og planter som må ha vann for å overleve. Vann er også viktig for folkehelsen i Norge. I Norge tar vi vann som en selvfølge, og forskere har regnet ut at hver person i gjennomsnitt bruker 250 liter i døgnet.

Fylkeseldrerådet er tilfreds med at Vestland fylkeskommune har invitert til en høring som skal munne ut i et eget handlingsprogram for Vestland vannregion 2022-2027, og er sikker på at dette programmet - som i høringsutgaven setter søkelyset på viktige områder der vi er avhengige av rent vann - blir et viktig dokument for hele Vestland fylke i årene som kommer.

Fylkeseldrerådet vil særlig rette søkelyset mot rørgatene for vann og avløp som mange steder er svært gamle og som i mange tilfeller har ført til helseproblemer for innbyggerne. Gamle rørgater med avløpsrør nederst og vannrør øverst har kollapset når det har kommet mye nedbør og flom som har ført til lekkasjer, og innholdet i avløpsrøret har funnet veien inn i vannrøret. Og gjennom de siste årene har det kommet svært mye nedbør.

Det må fra kommunene satses enda mere på å få skiftet ut de eldste rørene slik at vi er trygge når vi skal bruke vann både til å drikke og til bruk for øvrig.

Kontrollen med drikkevann bør skje så hyppig at vi ikke får tilstander der folk mister livet eller får livene sine ødelagt av forurenset vann fra kommunale (eller private) drikkevannskjelder slik vi lest om for ikke lenge siden.

Fylkeseldrerådet vil også bemerke at det bør satses på å oppgradere linjenettet i fylket slik at vi har en jevn tilførsel av elektrisk kraft både til industri og til husholdningene. Sløsing av vann på grunn av lekkasjer gir mindre kraft og dyrere strøm, noe eldre som må ha det varmt merker etter som årene går. Mange har problemet med å betale strømregningene sine.

Fylkeseldrerådet har merket seg at det under kapitlet om Folkehelse er nevnt at friluftsliv og turisme trenger rene og trygge badeplasser. Det trenger hele befolkningen. Og skal vi få et aldersvennlig samfunn burde kommunene satse på oppvarming av vann (varmtvannsbasseng) slik at eldre blir fristet til å gå i bad også i sitt eget fylke der temperaturen i sjøen som oftest ligger under det som får eldre til å ta en helsebringende dukkert.

Overvatsproblematikk må også ha fokus i planen.

Til slutt vil Fylkeseldrerådet tilrå at det settes av midler til en infrastruktur som gjør at Vestland fylke blir et foregangsfylke for forvaltningen av vår viktigste naturressurs - vannet som vi alle er avhengige av.»

## **Avrøysting**

Ravnøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Uttale frå fylkeseldrerådet**

REGIONAL PLAN FOR VASSFORVALTNING FOR VESTLAND VASSREGION 2022-2027

Fylkeseldrerådet i Vestland har hatt til behandling 10. juni 2021:

- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027
- Tiltaksprogram for Vestland vassregion 2022-2027

## - Handlingsprogram for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027

og vil uttale følgjande:

Vatn er livsviktig både for levande dyr og plantar som må ha vatn for å overleve. Vatn er også viktig for folkehelsa i Noreg. I Noreg tar vi vatn som ei sjølvfølgje, og forskarar har rekna ut at kvar person i gjennomsnitt brukar 250 liter i døgnet.

Fylkeseldrerådet er tilfreds med at Vestland fylkeskommune har invitert til ei høyring som skal munne ut i eit eiga handlingsprogram for Vestland vassregion 2022-2027, og er sikker på at dette programmet - som i høyringsutgåva set søkelyset på viktige område der vi er avhengige av reint vatn - blir eit viktig dokument for heile Vestland fylke i åra som kjem.

Fylkeseldrerådet vil særleg rette søkelyset mot røyr gatene for vatn og avlaup som mange stadar er svært gamle og som i mange tilfelle har ført til helseproblem for innbyggjarane. Gamle røyr gater med avløpsrøyr nedst og vassrøyr øvst har kollapsa når det har komme mykje nedbør og flaum som har ført til lekkasjar, og innhaldet i avløpsrøyrret har funne vegen inn i vassrøyrret. Og gjennom de siste åra har det komme svært mykje nedbør.

Det må frå kommunane satsast enda meire på å få skifta ut dei eldste rørene slik at vi er trygge når vi skal bruke vatn både til å drikke og til bruk forøvrig.

Kontrollen med drikkevatt bør skje så hyppig at vi ikkje får tilstandar der folk mister livet eller får liva sine øydelagt av forureina vatn frå kommunale (eller private) drikkevattskjelder slik vi har lest om for ikkje lenge sidan.

Fylkeseldrerådet vil også merke at det bør satsast på å oppgradere linjenettet i fylket slik at vi har ein jamn tilførsel av elektrisk kraft både til industri og til hushald. Sløsing av vatn på grunn av lekkasjar gir mindre kraft og dyrare strøm, noko eldre som må ha det varmt merkar etter som åra går. Mange har problem med å betale strømkningane sine.

Fylkeseldrerådet har merka seg at det under kapittelet om Folkehelse er nemnt at friluftsliv og turisme treng reine og trygge badeplassar. Det treng heile befolkninga. Og skal vi få et aldersvennleg samfunn burde kommunane satse på oppvarming av vatn (varmtvattsbasseng) slik at eldre blir freista til å gå i bad også i sitt eiga fylke der temperaturen i sjøen som oftast ligg under det som får eldre til å ta ein helsebringande dukkert.

Overvatnsproblematikk må òg ha fokus i planen.

Til slutt vil fylkeseldrerådet tilrå at det settast av midlar til ein infrastruktur som gjer at Vestland fylke blir eit føregangsfylke for forvaltninga av vår viktigaste naturressurs - vatnet som vi alle er avhengige av.

### **PS 23/21 Nettverk for aldersvennlege lokalsamfunn – representasjon frå fylkeseldrerådet**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vel representant til nettverk for aldersvennlege lokalsamfunn

### **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

**Harald Ekroll** sette fram slikt forslag:

«Monrad er FYELs representant.»

### **Avrøysting**

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Monrad er fylkeseldrerådet sin representant.

### **PS 24/21 Uttale til tildeling av Den kulturelle spaserstokken 2022. Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

**Harald Ekroll** sette fram slikt forslag:

«DEN KUTURELLE SPASERSTOKKEN  
TILDELING TIL KOMMUNANE FOR 2022

Fylkeseldrerådet vart på teams møte 07.06.21. orientert frå avd. for kultur, idrett og friluftsliv om søknader og framlegg til tildeling til kommunane i Vestland.

Fylkeseldrerådet er svært godt nøgd med måten rådet blir teken med undervegs i prosessen.

Med den demografiske utviklinga og stipulert utvikling av demens i kommunane meiner rådet at tiltak innanfor kulturfeltet må aukast, noko som vil krevje større midlar.

Kultur er eit godt helsebringande tiltak og er derfor viktig for alle aldersgrupper og ikkje minst for dei eldre. Tverrsektorielt samarbeid i kommunane og i fylkeskommunen er viktig for å få eit best mogeleg resultat.

Samarbeid mellom kommunar og mellom spaserstokken og den kulturelle skulesekken er spennande ting enkelte kommunar har prøvd ut.

Vi registrer at ein kan få overføre midlar for 2021, som ein ikkje har fått brukt pga. koronasituasjonen, og utan at dette vil påverke tildelinga for 2022.

Fylkeseldrerådet vil på landskonferansen for fylkeseldreråd i Trondheim i september at opp spørsmålet om ein uttale til myndigheitene for å få auka bevilgningen til Den kulturelle spaserstokken med 100 % frå 2023.

Fylkeseldrerådet sluttar seg til den måten tildelinga er tenkt frå fylkeskommunen .»

## Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale frå fylkeseldrerådet**

DEN KUTURELLE SPASERSTOKKEN  
TILDELING TIL KOMMUNANE FOR 2022

Fylkeseldrerådet vart på teamsmøte 07.06.21 orientert frå avdeling for kultur, idrett og friluftsliv om søknader og framlegg til tildeling til kommunane i Vestland.

Fylkeseldrerådet er svært godt nøgd med måten rådet blir teken med undervegs i prosessen.

Med den demografiske utviklinga og stipulert utvikling av demens i kommunane meiner rådet at tiltak innanfor kulturfeltet må aukast, noko som vil krevje større midlar.

Kultur er eit godt helsebringande tiltak og er derfor viktig for alle aldersgrupper og ikkje minst for dei eldre. Tverrsektorielt samarbeid i kommunane og i fylkeskommunen er viktig for å få eit best mogeleg resultat.

Samarbeid mellom kommunar og mellom spaserstokken og den kulturelle skulesekken er spennande ting enkelte kommunar har prøvd ut

Vi registrer at ein kan få overføre midlar for 2021, som ein ikkje har fått brukt pga koronasituasjonen, og utan at dette vil påverke tildelinga for 2022.

Fylkeseldrerådet vil på landskonferansen for fylkeseldreråd i Trondheim i september at opp spørsmålet om ei uttale til myndigheitene for å få auka tildelinga til Den kulturelle spaserstokken med 100 % frå 2023.

Fylkeseldrerådet sluttar seg til den måten tildelinga er tenkt frå fylkeskommunen.

## Referatsaker

### **RS 35/21 Planlagde politiske saker i folkevalde organ - hausten 2021 Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

RS 35/21 vart referert.

### **RS 36/21 Årsmelding Vestland fylkeskommune Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

RS 36/21 vart referert.

### **RS 37/21 Årsmelding fylkeseldrerådet 2020 - sluttresultat Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

RS 37/21 vart referert.

### **RS 38/21 Årsmelding frå Luster eldreråd Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

RS 38/21 vart referert.

### **RS 39/21 Møte regionalt støtteapparat 26.04.21 – oppsummering. Frivilligstrategi i kommunane. Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

RS 39/21 vart referert.

### **RS 40/21 Opning av eldreombodet og senter for aldersvennleg samfunn i Ålesund 27.04.21 – oppsummering. Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

RS 40/21 vart referert.

### **RS 41/21 E-helse, digital heimeoppfølging 22.04, 29.04 og 04.05 – oppsummering. Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

RS 41/21 vart referert.

### **RS 42/21 Webinar 29.04.21 ang. mat og måltid – oppsummering. Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

RS 42/21 vart referert.